

Solbjørg Åmdal Sandvik og  
John Villy Sandvik,  
Grønlandsvegen 4,  
Postboks 12  
5906 FREKHAUG

Frekhaug, 08.11.2016.

Til Meland kommune  
Kommunaltekniske anlegg  
v/ Harry Finseth

**Vedk Varsel om pålegg om separering**

Viser til motteke skriv datert 04.11.2016, som vi oppfattar som ei "purring" for å separera overvatn og avlaup.

På orienteringsmøtet ang dette i vår, vart det opplyst at viss vi ikkje hadde felles leidning for overvatn og avlaup, kunne vi berre gløyma dette.

Då vi bygde /flytta inn i huset vårt i 1990, var det aldri snakk om å ha felles leidning for overvatn og avlaup, og vi har såleis ikkje noko å separera.

Takvatnet vårt går i eigne "rør" ut i marka på begge sider av huset ( mot aust og vest). I avlaupsrøret (mot nord) går berre kloakk.

Då vi var på det nemnde orienteringsmøtet og forklarte korleis avløpsleidningane var hjå oss, fekk vi beskjed om at det då sjølv sagt ikkje var aktuelt med noko separering.

Ettersom overvatnet vårt alt er separert frå avlaupsleidningen, har vi ikkje sendt inn skjemaet om tilbakemelding om utført arbeid, som skulle fyllast ut av den som hadde utført arbeidet. I samtal med Harry Finseth vert vi bedne om å fylla ut det nemnde tilbakemeldingsskjemaet sjølve og returnera til kommunen. Det vert hermed gjort, og levert saman med dette brevet.

Vi er elles imponert over det omfattande arbeidet som vert utført i dette "prosjektet"!

Venleg helsing

  
Solbjørg Åmdal Sandvik

  
John Villy Sandvik